

Set fiskefunna dine i Artsdatabanken

Forskarane undersøker kvart år status for dei viktigaste fiskebestandane i norske farvatn. Bestandsstorleiken byggjer på resultat frå eigne tokt, forskning og fiskeria. Observasjonar frå publikum er også ein viktig del av forskarane sin kunnskapsbase, spesielt den som gjeld fisken som finst langs kysten.

AV OTTE BJELLAND, MARIE HAUGE OG KJELL NEDREAAS

I sum reknar forskarane med om lag 300 kjente fiskeartar i norske område. Av desse lever 257 i saltvatn og 42 i ferskvatn. Av saltvassartane er det berre kring 177 artar som vi kjenner til som reproduserer i norske farvatn.

Når ein yrkes- eller hobbyfiskar får ein ukjent eller sjeldan art i fangsten, er Havforskningsinstituttet ein naturleg plass å venda seg. Ofte kan fiskebiologane artsbestemma ein fisk basert på bilete og skildring. I nokre tilfelle treng dei å undersøkje den aktuelle fisken nærare før dei kan gje eit sikkert svar.

KORLEIS KJEM DEI HIT?

Innrapportert framandfisk kan ha hamna på våre breiddegrader av rein slump; tilfeldigvis ført nordover med straumen eller i ballast frå utanlandske skip. Det kan også handla om ein einskild årsklasse som har tatt seg til våre strøk godt hjulpet av gunstige havstraumar. I andre tilfelle kan hyppige observasjonar vera teikn på meir grunnleggjande endringar. Spesielt i eit klimaperspektiv kan om-

fattande observasjonar av framande artar – og tilsvarende færre av lokale artar – seia noko om mulige varige endringar som følgje av høgare sjøtemperaturar.

DREIING I FISKEFAUNAEN

Når vatnet vert varmare er det lettare for sørlege artar å etablere seg hos oss. På sikt kan desse artane skapa ei dreining i fiskefaunaen. Er det til dømes snakk om potente predatorar og dei i tillegg aukar i omfang, kan det få konsekvensar for lokale fiskestammar. Dei kan enda som mat for nykomarane eller dei må i større grad konkurrera om føda. I ytste konsekvens fører innvandra artar til varige endringar i økosystemet.

Eit sikkert rapporteringssystem for fisk, slik det no er lagt opp til i samarbeid med Artsdatabanken og Norsk Zoologisk Forening, gjev forskarane meir kunnskap om kystbestandane generelt. I tillegg får dei eit større datagrunnlag å lena seg på når dei skal vurdera om auka omfang av framande artar er eit uttrykk for tilfeldige besøk, eit kortvarig oppsving eller meir langsiktige endringar.

www.artsobservasjoner.no/fisk/


Havforskningsinstituttet, Artsdatabanken og Norsk Zoologisk Forening samarbeider om ei nettside for artsobservasjonar av fisk. Publikum vert oppmoda om å rapportera alle sine fiskefangstar, spesielt uvanlege artar som dei ikkje får kvar dag.

Observasjonane vert kvalitetssikra av Havforskningsinstituttet (marine artar, anadrom og katadrom fisk) og Norsk Zoologisk Forening (ferskvassfisk). Den

kunnskapen forskarane tileignar seg frå artsfunna vil bli presentert ut igjen til publikum.

For å bidra:

Registrer deg på www.artsobservasjoner.no/fisk/. Her får du også framgangsmåte og tips for korleis du skal rapportera funna dine og korleis du kan nytta data som alt ligg på sida.



Tre vanlege uvanlege fiskar i norske farvatn

Mulle, St. Petersfisk og havabbor er blant dei artane som er hyppigast innrapporterte til den gamle fiskefunntenesta til Havforskningsinstituttet. Rapportane kjem ofte inn i "rykk og napp", noko som kan vera eit teikn på at desse artane kjem puljevis inn til kysten.

MULLE

Leveområde: mest talrik i Middelhavet og frå Kanariøyane og nord til Dei britiske øyane. Det siste tiåret er det blitt meir mulle i Nordsjøen. Lever på 3–90 meters djup, men er vanlegast på 30–60 meter. Med sine kraftige skjeggtrådar rotar ho omkring på sand- og leirbotn etter ulike botndyr. Funn er gjort så langt nord som til Nordhordland.



ST. PETERSFISK

Leveområde: mest talrik i Middelhavet og langs kysten av Europa opp til havet rundt England. I nyare tid har arten blitt stadig meir vanleg i norske kystområde nord til Trøndelag. Funn er gjort heilt nord til Troms. Gyting i norske farvatn er enno ikkje påvist. Færre innrapporteringar den siste tida kan tyda på at arten etter kvart har blitt så vanleg at folk ikkje rapporterer han inn.

St. Petersfisk finst vanlegvis langs kysten på djupner mellom 5–360 meter. Han lever åleine, men opptrer i stimar under gytinga lenger sør i Europa.



Foto: Ø. Paulsen

HAVABBOR

Leveområde: Ein stimfisk som trivst på grunt vatn, gjerne brakkvatn. Går ofte opp i elver. Om vinteren står han djupare i havet. Havabborene er ein ettertrakta sportsfisk, både fordi han kjempar hardt, og fordi han smakar godt. Har etablert seg langs norskekysten dei siste 20 åra.

Observasjonar av både gyteklare og gytande individ i Oslofjorden og i Hopefjorden i Masfjorden i Nordhordland viser at arten kan vera i stand til å gjennomføra heile sin livssyklus i norske fjordar. Det er imidlertid ikkje stadfesta funn av yngel enno. Funn av vaksen havabbor er gjort så langt nord som til Finnmark.



Foto: Ø. Paulsen

Nordnesgaten 50
Postboks 1870 Nordnes
NO-5817 Bergen
Tel.: 55 23 85 00
Faks: 55 23 85 31

www.imr.no

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET AVDELING TROMSØ

Sykehusveien 23
Postboks 6404
NO-9294 Tromsø
Tlf.: 77 60 97 00
Faks: 77 60 97 01

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET FORSKNINGSSTASJONEN FLØDEVIGEN

Nye Flødevigveien 20
NO-4817 His
Tlf.: 55 23 85 00
Faks: 37 05 90 01

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET FORSKNINGSSTASJONEN AUSTEVOLL

NO-5392 Storebø
Tlf.: 55 23 85 00
Faks: 56 18 22 22

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET FORSKNINGSSTASJONEN MATRE

NO-5984 Matredal
Tlf.: 55 23 85 00
Faks: 56 36 75 85

AVDELING FOR SAMFUNNSKONTAKT OG KOMMUNIKASJON

Tlf.: 55 23 85 38
Faks: 55 23 85 55
E-post: informasjonen@imr.no

KONTAKTPERSONAR

Kjell Nedreaas
Tlf: 55 23 86 71/995 38 549
E-post: kjell.nedreaas@imr.no

Otte Bjelland
Tlf: 55 23 86 03/909 98 192
E-post: otte.bjelland@imr.no

